

	<b>Aukra kommune</b> <b>Teknikk, eidegom og brann</b>	2010/505-44. ArkivQ03  Vedteke i drift og arealutvalet den 26.01.11, sak 7/11.
---	--	---

## Rutiner for brøyting og vintervedlikehald i Aukra kommune

### Målsetjing

Målet er at innbyggjarane skal føle seg rimeleg trygge på at alle kommunale vegar blir brøyta og strødd når det er behov for det. Målsetjinga for brøytinga og strøinga er at køyreveg skal vere bra drifta for alle bilar som er normalt utstyrt for vinterkøyring.

Fortau og gangvegar skal brøytast og strøast so godt at fotgjengarar ikkje velgjer å gå i vegbanen fordi denne er betre. Strøing for ferdsel til fots elles på skuleplassar, torg og andre opne areal, blir berre gjort for gangsone i kortaste ferdselsretning. Ikkje hele arealet som er i bruk elles i året. Det vert ikkje prioritert brøyting/strøing i tilstrekkeleg kvalitet for den som ferdist på sykkel. Dette blir for kostnadskrevjande med dei budsjettmidlar vi rår over i dag.

### Definisjonar av vegane i Aukra kommune:

Vegane er definert etter gjennomsnittleg årsdøgntrafikk. Same definisjon som vegvesenet bruker. I Aukra skiljar vi mellom vegar som har frå 0-500 bilar per døger og vegar som har frå 500- 1500 bilar. Berre fylkesveg har store trafikk i dag.

Behov for brøyting av bilvegane vil variere ut ifrå årsdøgntrafikk. Under kjem ei oppstilling av vegtypane i Aukra kommune samt definering i årsdøgntrafikk.

### Klassifisering av vegane:

Kommunal hovudveg : Gjennomgåande hovudvegar med tilknytning til fylkesvegar/riksvegar (500-1500 bilar per døger)

Samleveg : Køyreveg som har tilknytt fleire stikkvegar til bustader og

Næringseidegomar (0-500 bilar per døger)

Stikkvegar : Vegar til 1 -3 bustader/andre bygg med lokal nærtrafikk (0-500 bilar per døger)

Gang/sykkelveg : Vegar utan biltrafikk, eller areal der køyring skjer på gåande sine premisser, gang/sykkelveier.

Andre areal : Parkeringar, skuleplassar og andre opne areal, torg m.v.

### Når brøyter vi?

Brøytinga av bilveg vil prioriterast etter trafikken på vegstrekket:

#### 0-500 bilar per døgn i gjennomsnitt:

Vi startar brøytinga først når det er minst 8 cm djup tørr snø.

Den som har ansvaret for brøytinga må bruke skjønn ved våt snø.

#### 500-1500 bilar per døgn i gjennomsnitt:

Vi startar brøytinga først når det er minst 5 cm djup tørr snø.

### **Gang- og sykkelveggar**

Gang- og sykkelveggar og fortau skal vere brøytt og eventuelt strødd før kl. 06.00. Mellom kl. 06.00 og 22.00 skal brøyting starte når snødjupna er 3 cm og vere ferdig innan det har falt 8 cm snø.

### **Generelt for alle veggar gjeld:**

Det skal normalt ikkje brøytast mellom 23.00 og 03.00, utan at snødjupna med laus snø er over 12 cm. Dette gjeld både veggar, gangveggar og plassar.

Målet med dette tiltaket er å unngå brøyting av same areal før natta og før morgonen.

Tiltaket vil gje dårlegare resultat om morgonen ved uheldige omstende med mykje snøfall om natta. Spesielt vil dette tiltaket gje dårlegare forhold for parkeringsareal.

Ved spesielt stort uføresett snøfall må tiltaka vurderast i forhold til brukaranes trygging og krav til framkommelegskap.

### **I prioritert rekkefølge brøytes:**

- Alle kommunale hovudveggar
- Gang- og sykkelveggar
- Samleveggar
- Stikkveggar
- Parkeringsplassar
- Plassar elles, aldersheim/
- Skoleplassar (utanom skuletid)

### **Når strør vi?**

Vert prioritert etter brøyting.

Dersom det er so glatt at dette er til vesentleg hinder for at normalt vinterutrusta bilar kan kome opp bakker, skal det strøast så snart framdrifta i brøytinga tillet dette. Likeeins vil det under særleg glatte forhold bli strødd stadvis for å betre trafikktryggleiken. Eksempelvis framføre kryssingspunkt for gangveggar, i vegkryss, i vanskelege kurvar og liknande.

På gang- og sykkelveggar skal det strøast når det er so glatt at det er særleg vanskeleg å bruke vegen med vanleg fottøy for vinterbruk. Det skal det strøast så snart framdrifta i brøytinga tillet dette. Ellers bør kvaliteten på vedlikahaldet av gang og sykkelveggar ikkje avvike frå kvaliteten på tilliggande veg.

### **Kva plikter har du som innbyggjar?**

Vær føre var og tilpass fart og opptreden elles til vær og føreforhold. Vedlikehaldet vil aldri kunne sikre oss mot vinterforhold og uheldige hendingar som følgje av vinterforhold.

Sørgje for at egne gjerder og porter er godt og synlig merka.

Du må fjerne brøytekantar i din private vei eller innkjørsel.

Biler og andre kjøretøy må parkerast slik at brøyting eller strøing ikkje vert hindra. Kjøretøy som hindrar brøyting kan bli tauet bort for eigarens regning.

Utstikkande greiner frå trær eller hekker må fjernes slik at brøyting eller strøing ikkje vert hindra.

Tømming av snø på offentlig vei er ikkje tillat.

Driftavdelinga ved

Teknikk, eigedom og brann.